nordplan.

Til:

Bømlo kommune

v/ Rakel Friis

Dato: 25.06.2026

Vår ref.: RP Pøylo

Dykkar ref.: 2021/4619

Svar på tilbakemelding ang. reguleringsplan for Pøylo

Viser til e-post motteke 12.05.2026 om planarbeid for naustområde i Pøylo. I e-posten er det bedd om systematisk og heilskapleg vurdering av områdestabilitet i sjø og vurdering av naturmangfald i sjø. Det er peika på at dette er sentrale premissar for vurdering av planforslaget. Planforslaget slik det ligg føre har vesentlege manglar, og forholda må vera tilstrekkeleg avklart og dokumenter før vidare handsaming. Det er også vist til mogleik for tilpassing og reduksjon av utbygginga planen legg opp til. Og at dette bør vurderast som del av vidare planarbeid, i tråd med føre-var-prinsippet og krava i plan- og bygningslova og naturmangfaldlova. Ei vurdering av alternative løysingar og avbøtande tiltak vil kunne bidra til eit betre og meir kunnskapsbasert planforslag.

Svar på kommunen si tilbakemelding er omtala/gjennomført i føresegn § 3.1.7 og planomtalen kapitel 7.2.3 (om føremålet naust), 7.8 (verknad for naturmangfald), 7.12 (ROS, områdestabilitet) og 8.2 (om fråvik frå KPA). Det er gjennomført feltarbeid for å dokumentere forhold knytt til områdestabilitet og naturmangfald, samt oppdatert føresegn § 3.1.7 for å avgrense tiltak i sjø. Vedlagt er oppdaterte dokument: Føresegner og planomtale, begge datert 22.06.2026.

Plansaka starta opp i 2017 og planframlegget regulerer areal som i gjeldande kommuneplan er regulert til naustføremål. Det har vore fleire anledningar for kommunen å be om revidering av planforslaget, dvs. alternative løysingar og avbøtande tiltak. Særleg burde dette vore teke opp samband med prosess med motsegn til planforslaget i 2025. Når kommunen ikkje gjorde det og Statsforvaltar si motsegn er trekt basert på eit grunnlag som administrasjonen har *godkjent* og sendt til avklaring, er tiltakshavar si oppleving av ønske om vurdering av alternativ utbygging svært lite forutsigbart. Det er ikkje avdekka nye forhold, m.a. som del av avgrensa høyring av planforslaget i 2026, som gjer at ein ser det som nødvendig for å revidere utbygginga pga. verknad eller risiko i plansaka. Tiltakshavar ønskjer difor at plansaka no vert fremja for politisk avklaring.

På bakgrunn av vedlagt oppdaterte plandokument (planomtale og føresegner), ber me om at planforslaget vert sakshandsama og sak lagt fram for politisk handsaming av planforslaget.

Med vennleg helsing

Turid Verdal